VWACB info Fjordsteam 2010

VWACB er invitert til å delta på Fjordsteam 2010, og det ser ut til at det blir ein solid gjeng med grombilar som kjem til byen lengst i vest. 44 veteranskip er no påmeldt, og omlag 200 veteranbilar. Ei tredvetals bilar frå BVK og veteranbranbilslaget startar frå Bergen torsdag 4/8 klokka 1000 og køyrer saman nordover. Dei skal alle ha ankomst Florø omlag klokka 1700.

Bilete/nyhende vert lagt ut etter kvart på www.fjordsteam.no.

Laurdagen er torgdag i samarbeid med Bondens Marknad og vi skal nytte oss av heile sentrum. Parkering for veteranbilar vert i heile Strandgata og på Fugleskjærskaia dersom det vert behov. På Jens Helmers Plass framfor Amfi vil det bli parkering og ”stasjon” for dei gamle bussane, medan brannbilane finn sin plass framfor brannstasjonen. Tidleg på dagen vil det bli ei historisk brannutryking og planen er å ”redde” ordføraren ut frå eit ”brennande” rådhus med ein gammal stigebil.

Laurdags kveld vert det fest for alle mannskap og bilfolk. Alle kveldar vert det sommar-revy, fredag og laurdag større konsert. Alle luftkjølt-folk som kjem saman med VWACB får deltakarpass som sikrar billigare øl på mannskapskro og litt forskjellig anna.

Det gamle nattruteskipet MS Sandnes delta på Fjordsteam. Skipet vart levert frå Nyland i 1950 og var enno i 1976 eit av dei vakraste og mest luksuriøse skipa som har gått på norskekysten i rutefart.

Om de ynskjer å gjere ei helg ut av dette og overnatte på den flotte båten når de Alf Kåre Olavesen på 51 53 44 00. Dei vert heilt sikkert glade om de vel å bu om bord i ein av deira 180 køyer.

Quality Maritim Hotel (5775 7575) midt i hamna er også eit godt alternativ. Mange frå Bergen skal bu på MS Sandnes, så det kan hende det vert ein naturlig møteplass for ”bilfolket”. Bergen Veteranvognklubb og Sunnfjord Veteranvognklubb vil parkere bilane sine i nærleiken av båten, og det kan sjølvsagt også VWACB. Brannbilane vert parkert i ferga som vert liggande like ved.

Alle mannskap og bileigarar som ønsker, kan delta på "galla" med buffet, underhaldning og dans på laurdags kveld. Dette kostar 300,-. Det lakkar og lir, og vi skulle gjerne hatt ei påmelding til denne middagen for dei som skal delta.

VWACB program Fjordsteam 2010

Torsdag 5/8:

10.00 Avreise frå Bergen i følgje med Bergen Veteranvogn Klubb.
Oppmøte på Shell-stasjonen ved Eikås/Travparken seinast kl. 09.45. Dei som reiser denne dagen følgjer BVK sitt opplegg. For info: http://www.bvkn.no

Fredag 6/8:

16.00 Avreise frå Bergen for dei som ikkje kan dra torsdag.
Oppmøte på Shell-stasjonen ved Eikås/Travparken seinast kl. 15.45.

Sundag 8/8:

Felles avreise frå Fjordsteam med BVK. Avreisetidspunkt vil bli mellom 12 og 13.00.

Under sjølve arrangementet deltek folk på dei dei har lyst til, og me oppmodar alle om å lese program/nettside grundig.

Der finns all informasjon. Kontaktpersonar, kart, overnatting osv.

>> www.fjordsteam.no

Her er VWACB sin eigen tråd på forumet:
>> http://www.forum.vwacb.com/index.php?topic=2579.0

Fint om dei som skal oppover skriv det på forumet, eller sender ein epost til: gsr@vwacb.com **innan 18. juli, så lagar me ei liste over alle som drar.**

Torsdag 5/8: Opning

10.00 Avreise frå Bergen i følgje med Bergen Veteranvogn Klubb
17:15 Parade og innsegling på Florø Hamn
18:00 Offisiell opning på Torget
18:30 Opne skip til 20:30
20:30 Velkomstkro for deltakarar og mannskap

Båtar "på vika" etter Landsstemnet i Fornudet Kysten i 2005, foo Tove Natvik

Fredag 6/8: Transporthistorisk Dag

Det vert utfluktsdag i samarbeid med Rutebilhistorisk Foreining der publikum vert invitert med på turar i distriktet mellom Stavenes og Bremanger med båt og snutebuss. Her kan publikum være med, og billettar vil verte selde på førehand. I fiskeværet Kalvåg, 1 time nord for Florø, vert det arrangert Kystdag og vi er sjølvsagt invitert.

12:00 4-5 timars turar i rute i distriktet: Svanøy, Eikefjorden, Kinn, Kalvåg.
16:00 3 timars ettermiddagstur til Terdal / Nåven med omvisning

På kvelden vert det opne skip, revytelt, mannskapskro, irsk aften på Haavebua, revy, utekino på Rådhusplassen og folkefest.

Laurdag 7/8: Torgdag
Torgdag der fleire av båtane går ut i distriktet mellom Stavenes og Bremanger for å hente folk til Florø.

11:00 Fjordabåtar i rute frå distriktet returnerer til Florø. Ruter kjem seinare

Bondens marknad, tradisjonsmat, demonstrasjon av gamle handverk, veteranbussar i rute, veteranbilparade, historisk brannutryking, opne skip og masse liv og røre.

14:00 Start regatta mellom segljakter, arrangør Svahilds Venner
15:00 Båtane i rute til distriktet med passasjerar.
20:30 Mannskapsfest i Flora Samfunnshus
22:00 Mulig rockekonsert.

Søndag 8/8: Kappkøyring og oppbrot
12:00 Avgang til kappkøyring på Florevika. 2 klassar; Dampskip og motorskip.
13:30 Avslutning, defilering og heimfart.

MS Atløy til kai i Balestrand